

Prosjektplan

Hjertesoneprosjektet

Styringsgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Øivind Hauge Støle, BBU• Merete Bogen, BBSI• Marius Bøe, BBSI• Torill Klinker, HFK• Kristin Eli Strømme, TT
Prosjekteigar	<ul style="list-style-type: none">• Bergen kommune
Prosjektleder	<ul style="list-style-type: none">• Åslog Bergsvåg, TT
Prosjektgruppe og roller	<ul style="list-style-type: none">• Arild Olsen Vang, BME• Ulrikke Christina Kjær, BKMB• Aage Eikrem, BBSI• Bjarte Stavenes, PBE• Even Vaular, HFK• Gunhild Raddum, HFK• Bente Isdal, Svv• Knut Olav Nestås, TT
Eksterne konsulentar	<ul style="list-style-type: none">• Trygg Trafikk har gitt Mats Korneliussen i Norconsult oppdraget med å utarbeide eit arbeidsdokument for Hjertesone.

HJERTESONE
TRYGGERE SKOLEVEI



Oppretta:	01.10.2020	Ansvarleg:	Åslog Bergsvåg
Revidert:		Revidert av:	

Bakgrunn for og formål med prosjektet

Ein interpellasjon i Bergen bystyre 19. oktober 2016 førte til følgende bystyrevedtak:

1. *Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden ha egen trafikkisikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan*
2. *Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden opprette en «Hjertesone» rundt skolen hvor det ikke er tillatt å sette av eller hente elever som blir kjørt til skolen. Dersom barn likevel kjøres, må stopp og hentested skje på markerte steder utenfor denne sonen.*
3. *Skolen skal være pådrivere for at flest mulig går og sykler til skolen*

Bergen bystyre handsama ei sak om gjennomføringsstrategi i møtet 27.09.2017 sak 229/17 og fatta følgende vedtak:

Bystyret slutter seg til foreslått plan for oppfølging av bystyrevedtak i sak 258/16 om «Hjertesone» og arbeidet med trafikkisikkerhet i grunnskolen i Bergen kommune.

Skulane forventar gode råd, tett oppfølging og fysiske tiltak som styrkar trafikktryggleiken ved sin skule. FAU har gjerne endå sterkare forventningar enn administrasjonen ved skulane.

Mål for prosjektet

Mål

Målet er å redusere biltrafikken, hovudsakleg foreldrekøyring, samt at flest mogeleg barn skal gå og sykle til skulen. Dei barna som må køyrast skal settast av på trygge av- og påstigningsplassar utanfor hjertesona.

Alle barneskular i Bergen skal ha definert og markert hjertesone og utarbeida trafikkisikringsplan innan utgangen av 2020.

Avgrensingar og føresetnader

Mjuke tiltak har høgste prioritet i dette prosjektet. Tunge investeringstiltak ligg definitivt utanfor. Enkle fysiske tiltak som gjer det enklare og tryggare å gå eller sykle, eller tiltak som aukar trafikkisikkerheita nær skulane er aktuelle.

Prosjektleiari, samt dei respektive vegeigarane deltar i synfaring på den enkelte skule og handsamar søknad om skilting av hjertesona.

Prosjektskildring

Prosjektet er inndelt i tre hovuddelar:

Prosjektorganisering og pilotfase

- Fem skular i pilotprosjektet
- Organisering og prosjektplanlegging
- Utvikling av arbeidsmetodikk og materiell

Hovudutrulling

- Synfaringar på alle skulane i kommunen
- Definerings og markering av Hjertesone
- Utarbeiding av TS-plan

Rapportering

- Prosjektevaluering

Arbeidet knytt til den enkelte skule kan delast inn slik:

1. Rekruttering
 - a. Utsending av informasjon og arbeidsverktøy
 - b. Avtale møtedato
2. Hjertesonearbeid på skulen
 - a. Vurdering av risikopunkt og definering av Hjertesone
 - b. Utarbeiding av TS-plan
 - c. Innspel til fysiske tiltak på skuleveg
3. Synfaring/oppstartsmøte med oppfølging
 - a. Synfaring
 - b. Oppfølging veghaldar
 - c. Oppfølging skule
 - d. Andre oppfølgingsoppgåver
4. Opning

Status per 1. oktober 2020:

Gjennomført synfaring	Ferdigstilt TS-plan	Fått opp hjertesoneskilt	Tiltak gjennomført	Definert Hjertesone	Opna hjertesona
42 av 66 skular	42 av 66 skular	33 av 66 skular	30 av 66 skular	42 av 66 skular	6 av 66 skular

Målet for prosjektet vart hausten 2018 redefinert til å gjelde at alle skulane skal ha *ferdigstilt TS-plan* og vere *i gang med hjertesonearbeidet* innan utgangen av bystyreperioden. Arbeidet med utreiing, ressursar, prosjektorganisering og pilotskular har teke mykje tid. I hovudutrullinga skal alle skular få synfaring og møte med prosjektleiar og vegeigarar, før dei planlagde tiltaka skal iverksettast i praksis. Gjennomføring av fysiske tiltak på skular knytt til kommunal veg vert laupande utført av Bydrift. Tiltak på fylkesveg må prosjekterast og rullerast i tråd med Miljøløftet. På bakgrunn av det tidkrevjande arbeidet er det fremma statusrapportar for FTU, samt komité for miljø og byutvikling og komité for barnehage, skole og idrett som tydeleggjer at prosjektet må forlengast, først fram til sommaren 2020, så til utgangen av 2020 for å nå målsetjingane i bystyrevedtaket. Forlenging av prosjektperioden og finansiering av prosjektstillinga fram til utgangen av 2020 vart godkjend av Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune hausten 2019.

Våren 2020 braut koronapandemien ut, og prosessen med synfaringar og møte med skulane vart følgeleg lagd på is. Gjennomføring av planlagde tiltak knytt til kommunal eigedom og veg i regi av Bydrift haldt fram. I tråd med retningsliner for møter og kollektivreiser både i kommune, fylke og i Trygg Trafikk har prosjektgruppa slutta at synfaringar på skulane ikkje kan takast opp att før oktober 2020. Prosjektet blir då forseinka med sju månedar.

Den reviderte framdriftsplanen blir sjåande slik ut:


Milepæl	Skildring	Dato start	Dato slutt
Prosjektorganisering og pilotfase	5 pilotskular, prosjektplanlegging og utvikling av arbeidsmetodikk	Februar 2018	Oktober 2018
Hovudutrulling	Synfaring på alle gjenverande skular: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Definerings og markeing av hjertesoner. ▪ Utval og planlegging av haldningsskapande og fysiske tiltak. ▪ Utarbeiding av TS-planar. ▪ Skilting ▪ Gjennomføring av fysiske tiltak 	November 2018	Våren 2021
Rapportering	Prosjektevaluering	Hausten 2021	Desember 2021

Leveransar

Prosjektet sine hovudleveransar:

- Mal for trafikkisikringsplan med tilhøyrande eksempelsamling
- Arbeidsmetodikk for skulane
- Markering av hjertesone på den enkelte skule
- Trafikkisikringsplan for den enkelte skule
- Rutinar for handtering av hjertesone i plansaker
- Arbeidsverktøy for skular, kommunar og planleggarar

Prosjektorganisasjon



Styringsgruppa sine ansvarsområde

- Overordna styringsansvar for prosjektet og å bidra til at prosjektplanen vert gjennomført
- Ha eit klart eigarforhold til og ansvar for prosjektet og stille krav til måloppnåing og gevinstrealisering
- Sikre effektiv slutningstaking
- Ta naudsynte avgjersler (som ligg utanfor prosjektleiaren sitt mandat)
- Verifisere og godkjenne avtalte leveransar
- Gi eintydig rettleiing til prosjektet
- Gi synleg og vedvarande støtte til prosjektleiar
- Sikre effektiv kommunikasjon både innanfor gruppa, mot prosjektet og ut mot eksterne interessentar. Saman og kvar for seg bidra til integrering mellom prosjektet og lineorganisasjonen og eventuelle andre rørte verksemder

Prosjekteigar sine ansvarsområde

Prosjekteigar/oppdragsgjevar eig prosjektet og er prosjektet sin øvste leiar og slutningstakar

- Sørge for at prosjektet blir planlagt og gjennomført ut frå rammene og forventningane som er lagt til grunn, eventuelt foreslå naudsynte endringar og tiltak
- Ta eigarskap til prosjektet si målsetting, omfang og framgangsmåte
- Handsame og godkjenne prosjektet sitt økonomiske omfang, inkludert endringar
- Sikre finansiering og skaffe ressursar og eventuelle andre verkemidlar, sørge for at dette blir disponibelt for prosjektet i samsvar med prosjektet sine planar. Gi økonomiske ressursar til prosjektet
- Forankre prosjektet sitt arbeid blant interessentane
- Kommunisere strategisk prosjektleiar sine ansvarsområde:

Prosjektleiar sine ansvarsområde

Prosjektleiar er ansvarleg for den daglege leiinga av prosjektet

- Ansvarleg for den daglege leiinga og styringa av prosjektet innanfor prosjektet sine avtalte rammer
- Organisering av prosjektet: Oppgåvefordeling, oppfølging, motivering og å ivareta eit godt samarbeid
- Rapportere/legge fram informasjons- og slutningsgrunnlag for prosjekteigar/styringsgruppe
- Vurdere og foreslå tiltak med omsyn til risiko og intern usikkerheit

Prosjektdeltakarane sine ansvarsområde:

Prosjektdeltakarane går inn i prosjektet som fagpersonar

- Utføre arbeidsoppgåver som vert tildelt av prosjektleiar
- Ta medansvar for prosjektet si framdrift og resultat
- Informere om hindringar eller risiko som eventuelt oppstår i prosjektet
- Bidra til eit godt samarbeidsklima i prosjektet

Rapportering:

Prosjektleiar rapporterer månadleg om framdrift til styringsgruppa.

Kritiske suksessfaktorar/risikofaktorar

- Motivasjon og kapasitet hos skulane

Hjertesoneprosjektet, Bergen kommune

- Formell avklaring på hjertesoneskiltproblematikken
- Vegeigar si kapasitet til å følge opp med vurderingar

Økonomi

Bergen kommune har avsett 1 million kroner til mindre fysiske tiltak knytt til Hjertesone kvart år i seks år.

Under Miljøløftet sine trafiksikringsmidlar er det sett av rundt 11 millionar til satsingsområdet trygg skuleveg - områdeutreiing/Hjertesone på fylkesveg i 2020.

Evaluering

Erfaringane skal oppsummerast i ein sluttrapport.